


FAU/SU

Veisane barnehage



VIL DU BLI FAU/SU REPRESENTANT?

Som FAU/SU- representant får du høve til å verta kjent med barnehagen som verksemd på ein litt annan måte enn når du leverer og henter barnet ditt.

Intensjonen med foreldreråd/FAU og samarbeidsutval/SU er at ordningane skal ivareta foreldra sin rett til medverknad og kontakt med barnehagen på ein aktiv måte. Innaldet og arbeidet bygger på [lov om barnehage kapittel 2 §4](#) og [Rammeplan for barnehag](#).

Informasjon om FAU/SU

I barnehagelova § 4 står det:

”Foreldreråd og samarbeidsutvalg

For å sikre samarbeidet med barnas hjem, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg.

Foreldrerådet

består av foreldrene/de foresatte til alle barna og skal fremme deres fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppen skaper et godt barnehagemiljø.

I fylgje forskriftene til barnehagelova skal foreldrerådet

- Fremma fellesinteressene til foreldra, og medverka til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø
- Verta førelagt og ha rett til å uttala seg i saker som er viktige for foreldra sitt forhold til barnehagen
- Velja representantar til barnehagen sitt samarbeidsutval

Kvar haust vel foreldrerådet (det vil sei alle foreldra/føresette i barnehagen) representantar til samarbeidsutvalet/SU og foreldra/føresette sitt arbeidsutval/FAU.

SU/FAU arbeider med saker som rører den daglege verksemda i barnehagen.

FAU kan representera foreldrerådet i ein del saker. FAU må då sikra seg at dei uttalar seg på vegne av fleirtalet i foreldrerådet.

Foreldrearbeidsutvalet, FAU

Det vert valt to representantar frå kvar avdeling
To av FAU representantane verkt valt til SU representantar

For å sikra kontinuiteten i FAU - arbeidet er det er ønskeleg at representantane vert valt for to år om gongen, og at dei to representantane vert valt slik at dei ikkje går ut av SU på same tid.

Konstituering av FAU:

FAU konstituerer seg sjølv på fyrste FAU - møte på hausten.
På dette møtet skal det veljast personar til fylgjande roller:

På dette møtet velges personer til følgende roller:

- FAU leiar
- To representantar som skal sitte i SU/samarbeidsutvalet
- Vararepresentant til SU/Samarbeidsutvalet
- Kasserar (dersom det er behov for det)
- Sekretær (dersom dette ikkje går på omgang)

På det fyrste møte skal det lagast ei lista med FAU- medlemmene sitt namn, telefonnummer og e-post adresse. Denne lista skal henga på informasjonstavla/døra i garderoben. På den måten er foreldra/føresette orientert om kven dei kan kontakta dersom dei har ei sak for FAU.

Det skal skrivast møterefertat med oppfølgingsansvar etter kvart FAU - møte, referata skal distribuerast til FAU medlemma (altså alle foreldra/føresette) og styrar. Styrar legg referata i Visma Flyt barnehage.

I saker der FAU foreslår tiltak som rører ved barnehagedrifta, til dømes endring av utearealet, endring av rutinar eller personalsituasjonen, er det styrar som bør få oppfølgingsansvar i referatet.

Saker av driftsmessig karakter, som døme over, skal sendast til SU for vidare drøfting. I SU er styrar tilstades og kan informera om saka.

FAU sine oppgåver:

- FAU skal ta opp saker som foreldra melder inn, så sant dette ikkje er saker som vedkjem einskiltbarn. I slike tilfeller skal FAU visa foreldra direkte til pedagogisk leiar eller styrar.
- FAU skal halda foreldrerrådet (alle foreldra/føresette) informert om pågåande saker i form av referat frå møteverksemd, referata skal vera tilgjengelege via Visma Flyt Barnehage.
- FAU skal vurdere å senda ut eit skriv med oppsummering av FAU sitt arbeid for haust/vår semesteret til alle foreldra/føresette.
- FAU skal medverka med konstruktive forslag i forhold til dagleg drift av barnehagen
- FAU kan ta ansvar for sosiale arrangement i løpet av barnehageåret, til dømes påskefrukost og sommarfest.

FAU leiar sine oppgåver:

- Registrera saker som skal opp i FAU-møta
- Kalla inn til FAU-møte ved behov
- Møteinnkalling skal publiserast i foreldreapp`n Visma Flyt Barnehage
- Syta for at det blir skriva referat frå FAU-møta. Referatet bør verta gitt ut seinast to veker etter FAU-møtet.
- Gå gjennom referatet med styrar, for å avklara eventuelt ansvar for oppfylging
- Senda elektronisk oppdatering frå FAU til styrar
- Syta for at FAU referat blir publisert i foreldreapp`n Vsima Flyt Barnehage
- Halda kontakt med styrar i form av telefon eller e-post
- Setta opp dato til arrangement som FAU har ansvar for
- Halda seg orientert om innhaldet i rammeplan for barnehage, forskrift til barnehagelova
- FAU leiar kan delegera oppgåver til FAU medlemma

Kasserar sine oppgåver:

- Halda orden på eventuelt regnskap som FAU disponerer
- Halda orden på inntekter og utgifter i samband med arrangement som FAU har ansvar for
- Betala ut mot kvittering, for å dekkja reelle utgifter i samband med FAU arrangement

Styrar sine oppgåver i samband med SU/FAU

- Fastset dato for første FAU møte
- Styrar skal delta på det første FAU-møtet om hausten, for å informera om FAU sitt arbeid i forhold til barnehagen
- Utover dette deltar barnehagen sin styrar på FAU-møte når det skal drøftast saker som rører ved barnehagedrifta eller etter ønske frå FAU
- Styrar legg ut FAU sine referat i foreldreapp`n Visma Flyt Barnehage
- I barnehagelova §4 står det at *”barnehageeieren skal sørge for at saker av viktighet forelegges foreldrerådet og samarbeidsutvalget”*. Det betyr at styrar skal halda FAU informert om til dømes:
 - Endring av reguleringsplanar som rører barnehagen sitt nærrområde
 - Endringar i kommunen sine rammer i forhold til barnehagen si drift
 - Informera om framdrift i pågåande FAU-saker i førekant av FAU-møta. Dette kan til dømes vera bygningsmessige justeringar/oppgraderingar eller endringar i forhold til ute- og innearealet
 - Om mogeleg informera om endringar i personalsituasjonen i førekant
 - Styrar skal halda personalet i barnehagen orientert om FAU-saker som har betydning for personalet

Samarbeidsutvalet, SU

I Barnehagelova § 4 står det:

”Samarbeidsutvalget skal være et rådgivende, kontaktskapende og samordnende organ. Samarbeidsutvalget består av foreldre/foresatte og ansatte i barnehagen, slik at hver gruppe er likt representert. Barnehagens eier kan delta etter eget ønske, men ikke med flere representanter enn hver av de andre gruppene. ” (Hjå oss er barnehageeigar Ullensvang herad, dei er representert i SU med ein politisk representant)

”Barnehageeieren skal sørge for at saker av viktighet forelegges foreldrerådet og samarbeidsutvalget”

Barnehagestyrar har møte, tale- og forslagsrett i samarbeidsutvalet. Vanlege forvaltingsreglar tilseier at når styrar er sakshandsamar for samarbeidsutvalet, bør styrar ikkje samstundes vera valt til medlem av utvalet og måtta stemma over eigne forslag.

Konstituering av SU:

SU konstituerer seg sjølv på fyrste møte på hausten. Styrar har ansvar for å kalla inn til dette møte.

På møte vert det valt personar til fyljande roller:

- Leiar
- Nest leiar
- Sekretær = styrar

Det skal skrivast referat frå møta, referata skal verta gitt ut seinast to veker etter møta. Referata vert og lagt ut på [barnehagen si nettside](#)

Saker av konfidensiell art vert ikkje lagt ut offentleg.

Alle medlema av SU skal skriva under på teieplikt, og dokumentet blir oppbevart i barnehagen.

SU sine oppgåver:

Samarbeidsutvalet skal fyrst og fremst ivareta samarbeidet mellom barnehagen og foreldre/føresatte, og er i fylgje forskriftene til barnehagelova eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ for partane som på ulike måtar har eit ansvar for barnehagen sitt innhald og drifta av den.

- **Som rådgivande organ** skal utvalet nyttast aktivt i ulike spørsmål som rører ved barnehagen. På grunn av ulik ståstad i forhold til barnehagen kan representantane i utvalet gi råd og koma med utspel.
- **Som kontaktskapande organ** skal utvalet arbeida aktivt for å setta i gang tiltak som kan skapa kontakt mellom dei ulike partane som er knytt til barnehagen. Døme på tiltak: dugnadar, temakveldar og ulike markeringar saman med barna. Som kontaktskapande organ har samarbeidsutvalet og eit ansvar for at barnehagen er kontaktskapande i høve til lokalsamfunnet.
- **Som samordnande organ** skal utvalet i ulike samanhengar, og der det oppstår konflikt, arbeida for å finna fram til felles løysingar.

I fylgje forskrift til barnehagelova er samarbeidsutvalet sine oppgåver mellom anna:

- SU skal særleg vera med å drøfta barnehagen sitt ideelle grunnlag. Det inneber at SU skal drøfta barnehagen sin praksis i høve til dei rammer som er gitt av føremålsparagrafen, rammeplanen, eigar si lokale tilpassing av rammeplanen og eventuelt særlege vedtak om livssyn.
- SU skal arbeida for å fremma kontakten mellom barnehagen og lokalsamfunnet.
- SU skal fastsetta årsplanen for den pedagogiske verksemda. Det inneberer at utvalet aktivt skal vera med på å utforma innhaldet i årsplanen.
- Barnehageeigar har plikt til å leggja fram viktige saker for SU. Det er saker som er viktige for barnehagen sitt innhald, verksemda og tilhøva til foreldra/føresette, barnehagen eller lokalsamfunnet.
Slike saker er mellom anna framlegg til budsjett, driftsendringar og utnytting av ute- og inneareal.
- SU skal påpeika ovanfor eigar og kan melda frå til kommunen eller fylkesmannen som tilsynsmynde, dersom barnehagen ikkje er drifta innanfor dei rammer som er sett av gjeldande lover, forskrifter, barnehagen sine vedtekter og barnehagen sitt budsjett.

SU – leiar sine oppgåver:

- Registrera saker som skal opp på SU møta
- Kalla inn til SU møte

SU – nest leiar

- Overta leiar sine oppgåver dersom leiar er hindra til å delta

Sekretær

- Senda ut møteinnkalling for SU-leiar
- Skriva referat
- Gjera referata kjent for foreldra via [barnehagen si nettisde](#)
- Distribuere referata til alle SU medlemma

SU representantane sine oppgåver

- Representera foreldrerådet, FAU og personalet
- Diskutera saker med FAU/personalet i førekant
- Informera FAU/personalet i etterkant

Møte i samarbeidsutvalet

- Det er vanlegvis styrar som kallar inn til møta i SU
- Møta er på ettermiddagstid i lokala til barnehagen, møte/personalrom
- Den valte leiaren er møteleiar
- Sekretæren syter for at det vert skrive referat
- Ved avstemming har kvar representant ei stemma, og vanleg fleirtalsvedtak gjelder. Ved lik stemmegiving har leiar dobbelstemma.

Møttidspunkt er presentert i barnehagen sin årsplan som ligg på [nettida til barnehagen](#)